

Hordaland fylkeskommune  
fylkesordførar Tom-Christer Nilsen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref                                      Vår ref                                      Dato  
2015/3252-1                                  15/477-                                      23 MAR 2015

### Svar på uttale om miljøtiltak ved U-864


Eg viser til brev av 17. mars 2015 frå fylkesordføraren med uttale av 11. mars frå Hordaland fylkesting om miljøtiltak for U-864.

Regjeringa meiner det er viktig å komme i gang med tiltak for å hindre vidare kvikksølvforureining frå vraket av U-864 og den forureina havbotnen ved vraket. I budsjettet for 2015 er det difor løyvd 150 millionar kroner til å etablere ei støttefylling som skal sikra den ustabile skråninga under baugseksjonen til vraket. Dette er eit naudsynt første steg i begge dei to alternative miljøtiltaka Kystverket har forprosjetert, som er heving av last og tildekking av vrak og havbotnen og eit alternativ med full tildekking av vrak og havbotnen.

Detaljprosjefteringa av støttefyllinga er snart ferdig, og Kystverket vil då starte ein anbodsprosess med sikt på å etablere tiltaket i haust. Etter at støttefyllinga er etablert må denne og skråninga under baugseksjonen stabiliserast i om lag 18 månader før ein kan setje i verk vidare arbeid på havbotnen.

Regjeringa har altså sett i gang arbeidet med det første naudsynte tiltaket for å sikra ei miljømessig trygg og forsvarleg løysing for U-864. Samferdselsdepartementet vurderer samstundes Kystverket sine forprosjeft for dei to alternative miljøtiltaka.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen